



## Notat

Dato: 13.03.2019  
Arkivsak: 2019/336-2-  
Saksbehandlar:

# Årsrapport Varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune - 2018

## 1 Innhold

1	Innhold.....	1
1.1	Innleiing .....	2
1.2	Talet på saker som er mottatt etter varslingsrutinen i 2018.....	2
1.3	Kva for forhold det har blitt varslet om.....	2
1.3.1	Fem varsel frå tilsette ved same skule .....	2
1.3.2	Påstand om gjengjelding.....	2
1.3.3	Varsel om kritikkverdig kommunikasjon .....	2
1.3.4	Påstand om mobbing og trakassering på arbeidsplassen.....	3
1.3.5	Anonymt varsel frå tilsett ved skule om bruk av skulen sine ressursar i strid med interne reglar .....	3
1.4	Varslingsutvalet sin rolle - Møter med linjeleiing i HFK.....	3
1.5	Reviderte varslingsrutinar .....	3
1.6	MittVarsel.....	3
1.7	Andre merknader .....	3

## 1.1 Innleiing

Samansetjing av varslingsutvalet pr desember 2018:

- Seniorrådgjevar Bjørn Erik Linde leiar
- Seniorrådgjevar Stian Skår Ludvigsen
- Spesialrådgjevar Adeline Landro
- Lektor med till. I Sjur Inge Veim
- Sekretær: Seniorrådgigjevar Sigrid Helene Aardal

## 1.2 Talet på saker som er mottatt etter varslingsrutinen i 2018.

Varslingsutvalet i Hordaland fylkeskommune mottok i 2018 8-åtte varsel frå tilsette i HFK. Fem av varsla omhandlar same arbeidsplass.

Varslingsutvalet har og motteke varsel, der det vart vurdert at Varslar hadde behov for profesjonell hjelp frå helsevesenet.

Varslingsutvalet har og motteke varsel som gjeld rutinesvikt. I slike tilfelle vert Varslar oppmoda om å melde avvik til nærmaste leiar. Eventuelt kan dette gjerast i avvikssystemet.

I tillegg har Varslingsutvalet rettleia medarbeidarar som har tatt kontakt med spørsmål knytt til konkrete problemstillingar og handsaming av desse.

## 1.3 Kva for forhold det har blitt varslet om.

### 1.3.1 Fem varsel frå tilsette ved same skule

Det er levert eit varsel der varslar står fram med namn og i tillegg fire anonyme varsel. Varsla gjeld rektor sin leiarstil.

Etter avklaring med Varslar som ikkje varsla anonymt, er vidare handsaminga av det varselet gjeld overført aktuell linjeleiing.

### 1.3.2 Påstand om gjengjelding.

Varslingsutvalet handsama varsel og etterfyljande påstand om gjengjelding i 2017. I saka vart det etter grundig utgreiing av Varslingsutvalet, konkludert med at Varslar ikkje var utsett for gjengjelding. Vilkår i Arbeidsmiljølova var ikkje oppfylt. Avgjerda var samrøystes.

I 2018 har Varslar gjennom advokat stilt spørsmål ved avgjerda. Varslar sin advokat har arbeidd med å innhenta fakta om saka, og har i dette arbeidet og vore i kontakt med Varslingsutvalet. Sist korrespondanse var i november 2018. Varslingsutvalet er ikkje pr. mars 2019 kjent med om Varslar gjennom Advokat kjem til å ta saka vidare for rettsleg handsaming.

### 1.3.3 Varsel om kritikkverdig kommunikasjon

Saka gjaldt kommunikasjon mellom elevar eller studentar under 19 år. Ingen tilsette i Fylkeskommunen var involvert i det som vart opplevd som kritikkverdig innhald i meldingar. Etter grundig gjennomgang av saka der det vart lagt vekt på innhaldet i kommunikasjonen, partane sin alder og andre relevante forhold, vart det konkludert med at vaksen kontaktperson i HFK skulle ta opp saka med dei det gjaldt og søkja løysing på eit lågast mogeleg nivå.

### 1.3.4 Påstand om mobbing og trakassering på arbeidsplassen.

Varslingsutvalet ved Leiar og eit medlem gjennomførte møte med Varslar. I møtet vart mistanken om at Varslar hadde behov for hjelp styrka. Det vart derfor gjort avtale med HFK sin bedriftshelseteneste om at Varslar skulle få snakke med Bedriftshelsetenesta etter møtet med Varslingsutvalet. Varslingsutvalet har ikkje vore i kontakt med Varslar etter dette.

Så langt Varslingsutvalet kjenner til, har Varslar fått hjelp av helsevesenet.

### 1.3.5 Anonymt varsel frå tilsett ved skule om bruk av skulen sine ressursar i strid med interne reglar

Varslingsutvalet kom etter å ha gått gjennom påstandane og den dokumentasjon som var levert i saka til at vidare handsaming av saka måtte overlatast til Opplæringsavdelinga. I arbeidet med varslinga er det:

- Undersøkt kva rutinar som gjeld for elevoppdrag ved opplæringsavdelinga.
- Undersøking av kva rutinar som gjeld for lån av utstyr og bruk av verkstader utanom arbeidstid.
- Gjennomført samtaler med dei involverte i dei 7 hendingane varselet omhandlar
- Gått gjennom alle tilgjengelege rekneskapsbilag og transaksjonar knytt til desse hendingane.

Opplæringsavdelinga har konkludert med følgjande:

- Fragmenterte retningslinjer gjer det vanskeleg for tilsette å få ei samla oversikt over kva som gjeld, og det kan bli uklart om det gjeld ulik praksis på ulike skular.
- Det bør utarbeidast samla rutine som klargjer kva reglar som skal gjelde. Rutinar bør vise til eventuelle «rettskjelder» der det ligg til grunn.
- I kva grad leiinga ved den einskilde skule skal ha mynde til å laga eigne lokale rutinar, bør og gå fram av ein slik rutine
- Alle rutinar bør vere samla og lett tilgjengelege for tilsette og andre som kan ha behov for å kjenne rutinane.
- Etter dei undersøkingane som er gjort, er det ikkje avdekka forhold knytt til einskilde involverte som gir noko grunnlag for vidare oppfølging.
- Utover oppfølging av konklusjonane frå undersøkinga ser opplæringsavdelinga denne saka som avslutta.

## 1.4 Varslingsutvalet sin rolle - Møter med linjeleiing i HFK

Varslingsutvalet inviterte til avklaringsmøte med Opplæringsavdelinga i HFK, som fylje av at fleirtalet av saker til Varslingsutvalet gjeld tilsette innan Opplæring.

Målsettinga med møtet var å bli einig om korleis varsel bør handsamast i høve rutinane og avklara kva roller Varslingsutvalet og linja har.

## 1.5 Reviderte varslingsrutinar

Rutinane for varsling vart i 2018 endra til og å gjelde varsel frå innleidde arbeidstakar. I tillegg er det gjort justeringar mellom anna med omsyn til betre oppfølging av varslaren.

Det vert vist til Saksframlegg og sak 2014/19488-12 for nærare detaljer om endringane som er gjennomført i rutina.

## 1.6 MittVarsel

Dei fleste varsla til Varslingsutvalet i 2018 er mottekne via varslingsportalen «MittVarsel».

## 1.7 Andre merknader

For det andre opplever dei som registrerer avvik manglande attendemelding til den som har meld avviket om at avviket er tatt tak i og om avviket er løyst.